




# BRATTVÅG ROTARYKLUBB

Medlemsbrev nr 2, 2012/2013

• november • desember •

President Trond Skjelten



Redaksjonskomité: Harald Gudbrandsen, Arne Vågnes og Johanne Alvestad



## 02.11.12 – Krabbefest

President Trond ønskete alle velkomne, spesielt gjestane fra Ålesund og Vatne/Tennfjord Rotary. Litt tynn gjesteliste fra Ålesund denne gongen...

Festen opna med fin og fengande song frå ein meget ung og lovande duo: Søstrene Frida og Elisabeth Sønderland Nustad. Vi fekk høyre kjende songar frå mellom anna Tina Turner og Abba. Imponerande! Så var det festlyden sin tur med Rotary-songen. Lett å finne fram; side 1 i heftet vårt. Øyvind sørja for stødig tonefølgje som vanleg. Kveldens hovudpost var sjølv sagt maten: krabbe, reker og god

drikke.

Vi er godt vande i klubben med lokal hand-sortert krabbe frå Fjørtofta.

I år var det ikkje mogleg å skaffe dette, så vi måtte ta til takke med industrikrabbe frå Hitra. Ikkje det same spør du meg... Men eit hyggeleg lag vert det uansett når klubbene møttest. Drøsen gjekk livleg med latter og song inn i mellom.

Teksten i krabbevisa vår verka likevel litt ekstra utdatert i år med sin hyllest til Brattvågkrabben og den stolte lokale produksjonen.

Loddsalet gjekk på tradisjonelt vis med mange premiar og godt sal. Vi la merke til at einskilde hadde meir lukke enn andre... Inntekta av salet går som vanleg til Rotary Foundation. Ein fin måte å samle pengar til eit godt føremål.



Til venstre:  
Øyvind ble kveldesns mestvinnende

Til høgre:  
Frida og Elisabeth Sønderland Nustad





President Trond ønsker velkommen

Festen vart avslutta til rimeleg tid som vanleg utan store utskielser. Presidenten takka for frammøtet og ønskte alle vel heim.

AV

#### **06.11.2012 – Intimkonsert med Garagebandet**

Arne Vågnes, Kåre Flem, Jan Harjo, Einar Inge Korsnes og Henning Haddal sto fordet musikalske programmet denne kvelden. Det spilte musikk fra 60-, 70- og 80-tallet til stor glede for klubbens medlemmer. Arne V. Fortalte litt om bandets medlemmer og bakgrunnen for at de startet opp. En trivelig kveld.

HG

#### **13.11.12 – Technology and Training Centre**

Ein talrik og forventningsfull flokk frå Brattvåg Rotary møtte fram i det nye maritime kompetansesenteret i Ålesund der Tore Huse (training manager, Rolls-Royce) tok vel i mot oss.

Målet for vitjinga var Rolls-Royce sitt nye «Technology and Training Centre» i Europa. Plassert i Ålesund!!

Her vil bedrifta tilby sjøfolk og serviceingeniørar ei moderne og effektiv opplæring. Rolls-Royce reknar med over 5000 kursdøgn i året. Når alle har flytta inn vil dette nye senteret vere arbeidsplassen til meir enn 500 tilsette i Rolls-Royce. Vi vart først leia til undervisningsavdelinga. Her



En vinsj med trekkraft på 600 tonn som blir brukt ombord i et ankerhandteringsfarty. (Illustrasjonsfoto RR)



Jorun Ulstein Fjørtoft



Potetball er Sunnmøres nasjonalrett

fekk vi sjå ei fleksibel klasse-romsfløy med alt av moderne utstyr. Her var det tydelegvis ikkje spart på noko...

Etterpå gjekk turen til «The Training Centre» eller verkstadhallen. Fleire kjende og ukjende produkt frå Rolls-Royce var monterte på ei stor flate. Vi såg mellom anna ein styremaskin frå Tennfjord og ein motor frå Brattvåg. Her kunne framtidige kursdeltakarar lære «å skifte ei oljepumpe medan motoren går». Vi fekk sjå produkt knyta til ankerhandtering og seismikk. Diverse propellsystem med gir fekk også stor plass.

Den tredje (og mest imponerande?) var simulatordelen av opplæringssenteret. Her fekk vi sjå mange forskjellige typar simulatorar:

- Simulatorar for tankpeiling (Peilo-Per sitt produkt)
- «Kapteinssstol», realistisk opplæring av manøvrering av skip.
- Ankerhandteringssimulator.
- Stasjonar for dynamisk posisjonering (DP).
- 360 grader på brua. Realistisk ankerhandtering i grov sjø. Dette er simuleringssenteret sitt «showcase».

Imponeerde. Fleire av oss kjende litt sjøsjuke etter demonstrasjonen...

Vi fekk opplyst at over 30 000 skip seilar med utstyr frå Roll-

Royce om bord. Store delar av dette er utvikla og produsert i Norge. Det gjeld motorar, framdriftssystem, dekkmaskineri, kontroll og automasjonssystem. I Møre og Romsdal har Rolls-Royce fire fabrikkar: i Brattvåg, Ulsteinvik, Longva og Hjørungavåg. Vi vonar at denne nye satsinga er med på å styrke desse bedriftene og gjere dei godt førebudde til ei framtid med hard konkurranse innanfor maritim sektor.

Dette var lærerikt og imponerande! Nok eit fint møte arrangert av Brattvåg Rotary. AV

#### **20.11.12 – Yrkesforedrag**

Denne kvelden var vi inviterte til Kulturkafeen i høve Jorunn sitt yrkesforedrag. Vi vart ønskete velkomne av

Anne Marit som vikarierte for president Trond.

Jorunn innleia med å fortelje litt om drifta av kulturkafeen. Kafeen har etter kvart fått 10 tilsette; tre på fulltid. Alle tilsette er kvinner, med eit triveleg og støttande arbeidsmiljø. Kafeen er administrert frå Oslo, men har stor grad av sjølvstyre så lenge ”botnlinja” er positiv. I tillegg til den ordinære kafedrifta har kafeen ein omfattande leveranse av mat til bedrifter og institusjonar/pasientar. Eit hovudprinsipp for drifta er at mest mogleg skal lagast på staden frå grunnen av. Dette er kanskje årsaka til den

store suksessen til kafeen. Kulturkafeen har æra for ei viss urbanisering av kommunesenteret: Laurdag er kafeen blitt ein møtestad for mange av bygdas innbyggjarar. Folk møtest her for litt smørbrød/kaffe eller middag og ikkje minst: sosialt samvær. Det er heller ikkje uvanleg at dei tilsette i nærliggande verksemder et lunsj her i staden for den tradisjonelle matpakken. Etter kvart vart vi leia inn i produksjonslokala (kjøkken) til kafeen. Her fekk vi sjå teknisk utstyr som omnar, kjøl, avtrekk osv.

Kafeen er kjend for den gode potetballen, og kvar torsdag kjem folk frå nær og fjern for å få seg potetball. Rekorden var visst 800 ballar på ein dag....

Potetballomsetjinga har vorte ein av berebjelkane økonomisk for bedrifta. Vi fekk også ein liten fagleg matprat om kokking av kålrabi og poteter som tilbehør til ballen. Det tydeleg at potetballen engasjerer...

Etter omvisinga samla vi oss igjen i Kulturkafeen for å smake litt på produkta og ein hyggeleg prat. I denne samanheng var det fleire av dei sentrale personane i utbygginga av Omsorgssenteret som takka Jorunn for den store innsatsen og engasjementet ho hadde lagt ned som politikar i utbyggingsfasen. Også takk for ein fin kveld for Brattvåg Rotary. AV

### **27.11.12 – Vendepunkt (Ibsen)**

President Trond opna møtet og ønskte alle velkomne. Spesielt var alle gjestane velkomne; ein god del av dei denne kvelden. Han orienterte kort om tre saker:

- Behovet for meir innbetaling til Rotary Foundation
- Borgund Rotaract sitt juleprosjekt med sal av julestjerner til inntekt for kreftsjuke born.
- Program neste tysdag: Eli Grete Vatnehol med vene fortel om utanlandske juletradisjonar.

Så gav han ordet til kveldens inviterte gjest Einar Landmark som nyleg har gitt ut boka: «Vendepunktet. Henrik Ibsen på Sunnmøre 1862.» Oppgåva hans var sjølsagt å fortelje om innhalten i denne boka.

På slutten av 1850-talet budde Henrik Ibsen under tronge vilkår med kone og born i Christiania (Oslo). Dette var ei tung tid for han med stor gjeld og små inntekter. Han arbeidde ved eit av teatera i hovudstaden utan særleg suksess. Etter kvart vart han plaga med helseproblem og misbruk av alkohol.

Så, i 1862, då han var 34 år gammal, fekk han eit reisestipend. Oppgåva var å samle inn segn og folkeminne på nordvestlandet. Sommaren 1862 tok toget til Eidsvoll og reiste vidare nordover Gudbrandsdalen med hesteskyss og til beins. Då han kom nord til Otta, for han vestover og kom ned til Sognefjorden. Denne turen gjorde djupt inntrykk på han, og det går an å finne naturskildringar i mellom anna Brand som kan stamme her frå. Besøket i Sogn og Fjordane gjorde inntrykk, men han produserte/samla lite frå dette området. Først då han kom til Hellsylt på vandringa si nordover vart det

fart over sakene. Her veit vi at han budde hos kjøpmann Jebsen frå Bergen og at han vitja presten Bahrmann. Fleire element frå dette området kan ein kjenne igjen i Brand. Innsamlinga av segn gjekk også betre her. Ferda gjekk vidare til Sjøholt der han overnatta i to døgn. Ibsen var også aktiv målar i denne perioden og vi kan kjenne igjen (med litt velvilje..) motiv som han har måla frå dette området. Han stoppa seinare på Solnør Gård i Skodje der kona hans (Susanne Ibsen) hadde slektsfolk. Her møtte han Peder Fylling som var til stor hjelp. Peder var ein helsesvak odelsgut som hadde samla segn og gjenstandar over lang tid. Ibsen fekk tak i mykje av dette og kunne seinare bruke av dette i mange samanhengar. Etterpå reiste Ibsen vidare nordover og vitja både Ålesund og Vestnes før han sette kurset heim att til Kristiania. Mykje av suksessen på Sunnmørsturen skuldast Peder Fylling.

I ettertid har slektingane hans (mellom andre Bernt Fylling som vi kjenner godt) samla ein del av materialet etter Peder og laga eit lite museum som ein kan vitje etter avtale. Vel heime i Christiania gjekk Ibsen inn i ein produktiv periode (inspirert av turen?) der han produserte «Kjærlighetens Komedie» og «Kongsemnerne» på kort tid. Den økonomiske situasjonen var likevel ikkje betra, og han opparbeidde seg høg gjeld. I april 1864 fekk han reisestipend til utlandet (mykje takka vere Bjørnstjerne Bjørnson) og resten av historia er velkjend med store drama som Brand og Peer Gynt. Etter kvart vart Henrik Ibsen både rik og berømt, men han var ikkje kvitt

den store gjelda si før 1874. I følge Einar Landmark kan det forsvarast å kalle turen til Sunnmøre for eit vendepunkt i Ibsen sitt liv.

AV

### **04.12.2012 – Internasjonal julefeiring**

Elin Grete Vatnehol fra Frivilighetsentralen hadde med seg gjester fra det internasjonale samfunnet i Brattvåg. De fortalte hvordan julen ble feiret i sine hjemland. Det var både kristne og muslimer, og noen steder feiret de julen sammen. Gjestene kom fra Afghanistan, Eritrea, Ghana og Sri Lanka. De hadde med seg mat og godterier relatert til julefeiringen i sine hjemland som vi fikk smake. Noen ville også fortelle litt om seg selv og om hvordan de havnet i Brattvåg og hva de holder på med her. Ikke alle var like språkmektige, men Elin Grete intervjuet dem og hjalp med oversettelse.

HG

### **11.12.2012 – Fritt møte**

Kveldens program skulle handle om "Handle Heime Haram" ved Johnny Helland. Dette må utsettes til senere. I stedet fortalte Kumar om et familiebesøk i forbindelse med et bryllup på Sri Lanka i oktober. Men først leste Trond diktet "Krabbe og grisemør" som Jostein Kvithaug hadde skrevet til Brattvågs 100-års jubileum.

Bryllupet var i Efna nord på øya. Her fikk han også anledning til å besøke en Rotary-klubb og fortalte om hva de jobbet med og hvordan klubbmøtene var. Stort sett var det dugnader og arbeid for å forene tamiler og singalesere som hadde vært i krig. Forholdet er fortsatt spent, med endel hevnaksjoner. Som nordmann fikk ikke han reise fritt



rundt i landet. Det var ”de unge” som var aktive, mens ”de eldre” sponset arbeidene. Rotary har nå ca 50 klubber på Sri Lanka og ofte 2 klubbmøter i uka, etter behov. Klubbene har en stor andel kvinner. I flere av klubbene var begge folkegruppene representert. Kumar fortalte om Norge og Rotarys arbeid i Norge, og overbragt hilsen fra Brattvåg og klubben vår og hadde med hilsen tilbake.

Så presenterte Geir Ingeborgvik Programkomiteens forslag til vårens møteplass. Det var mange interessante forslag. Salget av julestjerner for Rotaract var bra og inntektene skal gå uavkortet til arbeidet for kreftsyke barn.

Til slutt gratulerte Trond Rolv R. med tildelingen av Haram kommunens kulturpris for 2012. Så ble det tid til litt prat.

HG

#### **15.12.2012 – ID-huset**

En del Rotary-medlemmer gikk til ”Krig” på ID-huset denne kvelden. Det var Terje Sporsem med sitt show, og Programkomiteen hadde ordnet med rabatterte billetter til våre medlemmer.

#### **18.12.2012 – Julemøte**

President Trond ønsket velkommen til årets siste møte. Klubbsaker: Fødselsdager og påminnelse om autogiro til R.I. Rolf H. refererte fra en artikkel i Asker og Bærum Budstikke om Karl Falck, 105 år og verdens eldste Rotary-medlem. Av hans meritter nevnes at han var med å utnevne daværende kronprins Olav til æresmedlem i Rotary og at han ble tildelt Paul Harris som 100-åring. Vårt eldste medlem ca 90 år. Bente B. er selvutnevnt leder for quiz i klubben.

*Godt nytt år!*

Hun fordelte lagene, gikk gjennom reglene for kveldens konkurranser, informerte om hvilke temaer vi skulle gjennom og at Thorleif var fratatt muligheten til å svare på endel spørsmål. En fin fordeling av temaer som julesanger, Rotary og sport. Det ble en knivskarp konkurranser der det beste laget vant.

Til slutt kom Rolf H. Med en oppfordring til medlemmene om å bruke rotaryknappen ikke bare på pendressen før president Trond ønsket alle en god jul og et godt nytt år.

HG